

Arkivsaknr: 2026/1765-1
Saksbehandlar: Wenche Gloppen
Avdeling: Oppvekst, kultur og fritid

SAKSFRAMLEGG

Høyring - Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar, Austevoll kommune, Vestland, gjeldande frå 1. januar 2027

Utval

Levekårsutvalet

Formannskapet

14.09.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Austevoll formannskap vedtar å sende forslag til Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar i Austevoll kommune frå 1. januar 2027, alternativ 1, på høyring.

Alternativ 1 inneber to teljetidspunkt per år, med ei overgangsordning i 2027 der teljetidspunktet 15. april blir halde ved lag eitt siste år.

Høyringsfristen blir sett til 6 veker frå høyringa blir publisert. Kommunedirektøren får ansvar for å gjennomføre høyringa og legge saka fram på nytt med endeleg forslag til forskrift etter at høyringa er avslutta.

Vidare inneber dette at formannskapet vedtar at alternativ 2 gjeld frå 1. januar 2028.

Politisk behandling

Saka skal til innstilling i levekårsutvalet.

Formannskapet vedtar om forslag til lokal forskrift skal sendast på høyring.

Kort samandrag av saka

Austevoll kommune har berre private barnehagar og skal frå 2027 følge nytt regelverk for

finansiering av private barnehagar. Kommunen skal gi tilskot til private barnehagar, og skal framleis bruke nasjonale satsar fordi kommunen ikkje har egne kommunale barnehagar.

Kommunen har heimel til å fastsette lokal forskrift om rapporteringstidspunkt for talet på barn og vilkår for å endre grunntilskotet, jf. barnehagelova § 19 a og finansieringsforskrifta § 5 fjerde ledd. Forskrifta skal også regulere rapporteringstidspunkt for opplysningar om tilsette med pensjonsforpliktingar.

Kommunedirektøren legg i denne saka fram forslag om å regulere rapporteringstidspunkt for barnetal og opplysningar om tilsette i ei lokal forskrift. I dag er dette regulert i lokale retningslinjer. Kommunedirektøren vurderer at forskrift er ei meir open, tydeleg og føreseieleg reguleringsform.

Saka viser tre alternative løysingar for teljetidspunkt. Kommunedirektøren tilrår at kommunen sender alternativ 1 på høyring. Dette alternativet inneber to teljetidspunkt per år, med ei overgangsordning i 2027 der teljetidspunktet 15. april blir halde ved lag eitt siste år.

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet sende 25. juni 2025 forslag til ny forskrift om tilskot til private barnehagar på høyring.

Frå 2027 gjeld ei ny finansieringsordning for private barnehagar. Reglane bygger på [barnehageloven §§ 19 a til 19 c](#) og [forskrift om finansiering av private barnehagar](#).

Regelverket omfattar mellom anna grunntilskot, eigedomstilskot, pensjonstilskot, rapportering og enkeltvedtak om tilskot.

Austevoll kommune har berre private barnehagar. Kommunen har likevel ansvar for å finansiere barnehagane i tråd med lov og forskrift.

I dag har Austevoll kommune lokale retningslinjer for rapportering av barnetal og teljetidspunkt. Kommunedirektøren vurderer at dette no bør regulerast i lokal forskrift. Problemstillinga i saka er derfor kva rapporteringstidspunkt kommunen bør legge til grunn frå 2027.

Fakta i saka

Ny finansieringsordning

Kommunalt tilskot til private barnehagar kan delast inn i desse hovuddelane:

Del av finansieringa	Kort forklaring
Grunntilskot / driftstilskot	Skal dekke ordinær drift av barnehagen. For kommunar utan egne kommunale barnehagar blir nasjonale satsar brukt.
Eigedomstilskot	Skal bidra til å dekke eigedomskostnader.
Pensjonstilskot	Skal dekke pensjonskostnader etter reglane i finansieringsforskrifta.
Eventuelle ekstra tilskot / refusjonar	Til dømes ordningar knytte til spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging, foreldrebetaling og andre lovpålagde ordningar.

Austevoll kommune har ikkje kommunale barnehagar. Kommunen skal derfor ikkje berekne egne lokale satsar for driftstilskot ut frå egne barnehagekostnader. Kommunen bruker i staden nasjonale satsar fastsette av staten.

I dag har kommunen seks teljetidspunkt i året:

- 15. desember
- 15. februar
- 15. april
- 15. juni
- august
- 15. oktober

Frå 2027 skal kommunen fatte enkeltvedtak om tilskot til kvar private barnehage. Det gjeld både driftstilskot og pensjonstilskot.

Kommunedirektøren foreslår at rapporteringstidspunkta blir regulerte i ei lokal forskrift.

Forskrifta skal ikkje regulere nivået på tilskotet. Ho skal regulere:

- kva tidspunkt barnehagane skal rapportere barnetal
- kva tidspunkt barnehagane skal rapportere opplysningar om tilsette med pensjonsforpliktingar
- kva opplysningar kommunen skal legge til grunn ved berekning og justering av tilskot

Saka gjeld alle private barnehagar i Austevoll kommune. Endringa vil påverke både barnehageeigarane og kommunen si forvaltning av tilskotsordninga. Ho kan også få indirekte betydning for føresette og barn dersom teljetidspunkta påverkar kor fleksibelt barnehagane kan ta inn barn gjennom året.

Vedlegg til saka er forslag til lokal forskrift i tre alternative versjonar.

Kommunedirektøren viser til vedlegg om økonomi som viser kostnadsnivået vi har hatt i 2025 og 2025 opp mot nye alternativ med to og tre teljedatoar. Alternativ 1 og alternativ 2 gir begge lågare kostnader for kommunen.

Vurdering og drøfting av saka

Kommunedirektøren vurderer at ei lokal forskrift bør avgrensast til å regulere kva tidspunkt private barnehagar skal rapportere barnetal og opplysningar om tilsette som kommunen skal legge til grunn ved berekning og justering av tilskot. Dette vil gi eit klarare og meir føreseieleg grunnlag både for barnehagane og for kommunen si forvaltning av ordninga.

Barnetalet i den enkelte barnehagen har direkte betydning for kor mykje tilskot barnehagen får utbetalt gjennom året. Opplysningar om tilsette som barnehagen har

Kommunedirektøren vurderer at teljetidspunkta bør regulerast i lokal forskrift, ikkje i lokale retningslinjer. Når rapporteringstidspunkta har betydning for økonomiske rettar og plikter

for fleire private barnehagar, er forskrift ei meir open, tydeleg og føreseieleg reguleringsform.

Kommunedirektøren vurderer vidare at kommunen sitt handlingsrom i denne saka ikkje gjeld nivået på tilskotssatsane. Austevoll kommune skal bruke nasjonale satsar. Den lokale forskrifta bør derfor avgrensast til å regulere kva tidspunkt private barnehagar skal rapportere barnetal og opplysningar om tilsette som kommunen skal legge til grunn ved berekning og justering av tilskot.

Som grunnlag for politisk vurdering har kommunedirektøren sett opp tre alternativ. Dei tre alternative forslagene ligg som vedlegg i saka.

Kommunedirektøren presiserer vidare at færre teljetidspunkt gir lågare kostnad for kommunen. Dette kjem fram i vedlegget «Økonomi for kommunen og barnehagene med dei tre ulike alternativa».

Alternativ 1: To teljedatoar med overgangsordning i 2027	
Beskriv alternativet:	
Alternativ 1 inneber at kommunen går over til to teljetidspunkt per år, men med ei overgangsordning i 2027 der teljetidspunktet 15. april blir halde ved lag eitt siste år. Frå 2028 blir ordinær ordning 1. august og 15. desember.	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	Positivt: Utrekningane viser samla driftstilskot og eigedomstilskot på 63 992 061 kroner i 2025 og 71 160 982 kroner i 2026. Alternativet gir betre budsjettkontroll, meir føreseielege utbetalingar og lågare administrativ belastning enn dagens ordning. Overgangsordninga i 2027 kan dessutan gjere overgangen meir handterleg for barnehagane. Negativt: Tilskotet vil i mindre grad følge endringar i barnetalet gjennom året. For enkelte barnehagar kan dette føre til periodar der tilskotet i mindre grad samsvarer med faktisk barnetal og aktivitet. Alternativet gir høgare samla utbetalingar enn alternativ 2, men lågare enn alternativ 3.
... for klima og miljø	Positivt: Saka har ikkje vesentlege konsekvensar for klima og miljø. Negativt: Kommunedirektøren ser ikkje vesentlege negative konsekvensar for klima og miljø.

... for organisasjonen	Positivt: Alternativet vil redusere ressursbruken knytt til innhenting av barnetal og opplysningar om tilsette, kontroll av rapportering, berekning av tilskot, enkeltvedtak og utbetalningar. Dette krev mindre administrasjon enn dagens ordning. Negativt: Overgang til ny ordning krev tilpassing av rutinar, informasjon til barnehagane og oppfølging i innføringsfasen. Færre teljetidspunkt kan også gjere det vanskelegare å legge til rette for opptak gjennom året. Det kan føre til at kommunen i større grad kjem i ein situasjon der retten til barnehageplass etter barnehagelova § 16 blir utfordra. Det kan igjen få konsekvensar for føresette som skal tilbake i arbeid etter foreldrepermisjon, dersom dei ikkje får barnehageplass når dei treng den. <u>For barnehagen:</u> For dei private barnehagane kan færre teljetidspunkt gi meir føreseielege rammer for planlegging og drift. Samtidig kan ordninga gi økonomisk etterslep dersom barnehagen tar inn barn mellom teljetidspunkta, utan at tilskotet blir justert før neste teljetidspunkt. Det kan gjere at barnehagane blir meir varsame med å ta inn barn gjennom året. For nokre barnehagar kan dette påverke likviditet, bemanningsplanlegging og handlingsrom i drifta. Mindre barnehagar kan vere meir sårbare for slike utslag enn større barnehagar.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Positivt: Færre endringar i tilskot gjennom året kan gi meir stabile rammer for bemanning og planlegging i barnehagane. Dette kan gi større kontinuitet og tryggleik for barna. Overgangsordninga i 2027 kan dempe ulempene for føresette og barn i innføringsfasen. Negativt: Færre teljetidspunkt kan gjere det mindre attraktivt for barnehagane å ta inn barn løpande gjennom året, fordi nye barn ikkje blir rekna inn i tilskotsgrunnlaget før neste teljetidspunkt. Det kan vere ei ulempe for familiar som har behov for barnehageplass utanom faste opptakstidspunkt.

Alternativ 2: To teljedatoar frå 2027

Beskriv alternativet:

Alternativ 2 inneber at kommunen går direkte over til to teljetidspunkt per år frå 2027, utan overgangsordning.

Drøft konsekvensar:

... for økonomi

Positivt:

Utrekningane viser samla driftstilskot og eigedomstilskot på **63 181 258 kroner** i 2025 og **68 899 064 kroner** i 2026. Dette er det lågaste nivået av dei tre alternativa.

Alternativet gir låg administrativ ressursbruk og meir føreseielege utbetalingar.

Negativt:

Tilskotet vil i mindre grad følge endringar i barnetalet gjennom året. Manglande overgangsordning kan gjere omlegginga meir krevjande for barnehagane.

... for klima og miljø

Positivt:

Saka har ikkje vesentlege konsekvensar for klima og miljø.

Negativt:

Kommunedirektøren ser ikkje vesentlege negative konsekvensar for klima og miljø.

... for organisasjonen

Positivt:

Dette er den enklaste løysinga å forvalte administrativt på sikt.

Negativt:

Overgangen blir bråare enn i alternativ 1 og kan krevje meir oppfølging i startfasen.

Ny ordning krev tilpassing av rutinar, informasjon til barnehagane og oppfølging i innføringsfasen.

Berre to teljetidspunkt kan også gjere det vanskelegare å legge til rette for opptak gjennom året. Det kan føre til at kommunen i større grad kjem i ein situasjon der [retten til barnehageplass etter barnehagelova § 16](#) blir utfordra.

Det kan igjen få konsekvensar for føresette som skal tilbake i arbeid etter foreldrepermisjon, dersom dei ikkje får barnehageplass når dei treng den.

	<u>For barnehagen:</u> For dei private barnehagane kan to teljetidspunkt frå 2027 gi meir føreseielege rammer for planlegging og drift. Samtidig kan ordninga gi økonomisk etterslep dersom barnehagen tar inn barn mellom teljetidspunkta utan at tilskotet blir justert før neste teljetidspunkt. Det kan gjere at barnehagane blir meir varsame med å ta inn barn gjennom året. Når ordninga blir innført utan overgangsordning, kan omlegginga bli meir krevjande for barnehagane i startfasen. For nokre barnehagar kan dette påverke likviditet, bemanningsplanlegging og handlingsrommet i drifta. Mindre barnehagar kan vere meir sårbare for slike utslag enn større barnehagar.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Positivt: Alternativet kan gi meir stabile rammer for bemanning og planlegging i barnehagane. Negativt: Manglande overgangsordning kan gjere det meir krevjande for barnehagane å tilpasse opptak og drift. Det kan gi mindre fleksibilitet for føresette som treng barnehageplass i løpet av året.

Alternativ 3: Seks teljedatoar (inga endring frå dagens praksis)	
Beskriv alternativet:	
Alternativ 3 vidarefører dagens praksis med seks teljetidspunkt i året.	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	Positivt: Utrekningane viser samla driftstilskot og eigedomstilskot på 65 541 176 kroner i 2025 og 72 133 040 kroner i 2026. Tilskotet vil i større grad samsvare med faktisk barnetal og aktivitet gjennom året. Negativt: Dette er det dyraste alternativet. Alternativet gir høgare administrativ belastning og mindre føreseieleg budsjettstyring. Det kan også gi høgare samla utgifter for kommunen.
... for klima og miljø	Positivt: Saka har ikkje vesentlege konsekvensar for klima og miljø.

	Negativt: Kommunedirektøren ser ikkje vesentlege negative konsekvensar for klima og miljø.
... for organisasjonen	Positivt: Austevoll kommune oppfyller barnehageloven <u>§ 16 Rett til plass i barnehage</u> som seier at barn fødd i september, oktober og november har rett til plass frå månaden dei fyller eitt år. Ordninga er kjend for barnehagane og kommunen. Negativt: Frå 2027 vil seks teljetidspunkt gi stor administrativ belastning fordi kommunen også skal behandle pensjonstilskot og fatte fleire enkeltvedtak. <u>For barnehagen:</u> For dei private barnehagane kan seks teljetidspunkt gi eit meir oppdatert grunnlag for tilskot gjennom året. Det kan redusere risikoen for økonomisk etterslep når barnehagen tar inn barn fortløpande. Ordninga kan derfor gjere det lettare for barnehagane å ta inn barn gjennom året og tilpasse drifta til faktisk barnetal. Samtidig vil fleire teljetidspunkt krevje meir rapportering, fleire kontrollar og tettare oppfølging. Det kan gi meir administrasjon for barnehagane og mindre føreseielege rammer for planlegging og drift.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Positivt: Alternativet gir størst fleksibilitet for løpande opptak gjennom året. Det kan vere positivt for barn og føresette som treng oppstart utanom hovudopptak. Negativt: Ordninga gir mindre føreseielege rammer for kommunen og barnehagane og kan føre til hyppigare endringar i økonomi og planlegging gjennom året.

Oppsummering av fordelar og ulemper	
Alternativ 1 To teljedatoar med overgangsordning i 2027	Fordel: Gir ein god balanse mellom føreseielegheit, administrativ ressursbruk og omsyn til innføringsfasen. Samla driftstilskot og kapitaltilskot er rekna til 63 992 061 kroner i 2025 og 71 160 982 kroner i 2026. Ulempe: Færre teljetidspunkt kan gi mindre fleksibilitet for opptak gjennom året.
Alternativ 2 To teljedatoar frå 2027	Fordel: Gir låg administrativ belastning og dei lågaste samla utgiftene, med 63 181 258 kroner i 2025 og 68 899 064 kroner i 2026. Ulempe: Gir ein bråare overgang og mindre fleksibilitet i innføringsfasen enn alternativ 1.
Alternativ 3 Seks teljedatoar (inga endring frå dagens praksis)	Fordel: Gir eit meir oppdatert tilskotsgrunnlag og størst fleksibilitet for løpande opptak. Ulempe: Gir høgast administrativ belastning og dei høgaste samla utgiftene, med 65 541 176 kroner i 2025 og 72 133 040 kroner i 2026.

Sårbarheit og utfordringar

Val av rapporteringstidspunkt inneber ei sårbarheit fordi tilskotsgrunnlaget blir mindre oppdatert når talet på teljetidspunkt blir redusert. Det kan føre til avvik mellom faktisk barnetal og det tilskotet som blir utbetalt.

Saka kan også få indirekte verknader for barn og føresette. Dersom barnehagane får økonomisk justering berre på faste tidspunkt, kan det bli mindre attraktivt å ta inn barn utanom desse tidspunkta. Det kan gjere det vanskelegare å få plass i løpet av året for familiar som flyttar til kommunen eller får endra behov.

Kommunedirektøren vurderer også at det er viktig å unngå ulik praksis. Dersom kommunen opnar for særlege løysingar i enkelsaker utan tydelege kriterium, kan det skape forventningar og presedens i framtidige saker.

Austevoll kommune har berre private barnehagar og er derfor meir sårbar ved opptak av barn utanom teljetidspunkta. Private barnehagar kan seie nei til å ta inn barn, medan kommunar med kommunale barnehagar har større høve til å løyse slike behov i eigne tilbod og gjer ofte det så lenge dette kan skje innanfor gjeldande bemanningskrav og utan auka

kostnader. Dette kan få betydning for moglegheita til å gi barn plass når behovet oppstår.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at det er behov for å regulere rapporteringstidspunkta for private barnehagar i lokal forskrift. Dette vil gi ei meir open, tydeleg og føreseieleg ordning enn dagens retningslinjer.

Kommunedirektøren vurderer at alternativ 1 er den beste løysinga. Alternativet gir ein god balanse mellom omsynet til føreseielege rammer, administrativ ressursbruk og behovet for ein gradvis overgang til ny ordning i 2027. Overgangsordninga med teljetidspunkt 15. april i 2027 vil gjere overgangen meir handterleg for barnehagane og dempe ulempene i innføringsfasen.

Sjølv om alternativ 2 gir lågare samla utgifter, meiner kommunedirektøren at alternativ 1 samla sett er betre fordi overgangsordninga gir ei mjukare innføring av ny ordning.

Alternativ 3 gir størst fleksibilitet, men også høgast ressursbruk og høgast samla utgifter.

Kommunedirektøren tilrår derfor at Austevoll formannskap sender alternativ 1 på høyring.

Vedlegg

- 1 Alternativ 1 - Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar - to teljedatoar med overgangsordning i 2027
- 2 Alternativ 2 -Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar - to teljedatoar
- 3 Alternativ 3 - Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar - seks teljedatoar
- 4 Økonomi for kommunen og barnehagene med dei tre ulike alternativa